



Til
Kommunenes Sentralforbund
Haakon VII gt.9,
Postboks 1378 Vika,
0114 Oslo

KOMM. OG REG. DEP.	
11 JAN 2005	
04/2771-46	
Ark	013
Avd.	RA / SSA / MAG

Til
Kommunal- og Regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep,
0032 Oslo

Saksnr/Løpenr.
04/00122/003558

Arkivkode
026

Dykkar ref.:

Avd/Sek/Saksh
SEN/ASK/MAA

Tysse, 05.01.05

**DRØFTINGSNOTAT VEDK. HØYRING TIL NOU 2004:19 DISTRIKTSKOMMISJONEN
OG KOU 2004:1 STERKE REGIONAR.**

Me viser til oppmoding frå KS om å gje samla høyringsuttale til NOU 2004:19 Distriktskommisjonen og KOU 2004:1 Sterke regionar, og til oppmodinga om å gje uttale innan første høyringsfristen som er 14. jan 2005. Samnanger kommune vil koma med ein uttale, men det er ikkje heilt ukomplisert så lenge kommunestyret først seinare i vår skal gje endeleg uttale om framtidig kommunestruktur, og i den samanhengen ha fokus på det nære og lokale.

Fleirtalet i kommunestyret i Samnanger meiner me framleis er best tente med å styra landet gjennom tre folkevalde forvaltningsnivå. Me sluttar oss i hovudsak til Distriktskommisjonen si anbefaling om kva oppgåver eit sterkt folkevald regionalt nivå bør ha ansvar for, og at det er svært viktig å ha fokus nettopp på oppgåver og reell makt både på regionalt og kommunalt nivå. I tråd med det såkalla "nærhetsprinsippet" bør avgjerder leggjast til og takast på lågast mogleg effektiv forvaltningsnivå. Me tykkjer det er bra at det er vektlagt at målsetjingane skal vera ærlege og forutsigbare. Når det gjeld finansiering av nye oppgåver som vert lagt til kommunane eller regionane, er det viktig at "pengane føl oppgåva", slik det vert peika på. Vidare stør me uttalane om at politikken må utformast nedanfrå og ha ei demokratisk forankring, og at politikken må kunna tilpassast dei føresetnadane, utfordringane og moglegheitene som finst i den einskilde regionen.

Adresse
5650 TYSSE

Telefon
56 58 74 00

Telefaks
56 58 74 01

Bankgiro
3562 07 00035

Sakshandsamar/Direktetelefon
Tone Ramsli / 56 58 74 23

Omgrepet region er i dag brukt i mange samanhengar. Slik det kjem fram i høyringane er omgrepet nytta om til dels store geografiske område som er avgrensa ut frå oppgåver og funksjonalitet. Det er ulike syn på kor store regionane bør vera for å kunna ta vare på dei oppgåvene dei vert sette til å løysa. Samnanger deler synet på at talet på regionar og avgrensinga av dei slik dei er tenkt i denne samanhengen, er avhengig av kva oppgåver dei skal få tillagde.

For vår del gjev Vestlandsregionen meining. Sidan me ligg så midt i denne innteikna regionen, er det ikkje så enkelt å ha ei klår, samanfallande meining om kor langt sør eller nord han bør strekkja seg. Me kjenner oss utfordra av påstanden om at store regionar krev store/større kommunar, men merkar oss positivt at Distriktskommisjonen uttalar at det er dei folketette og bynære områda som særleg bør sjåast på når det gjeld endringar i kommunestrukturen. Me vil gje støtte til det fleirtalet i kommisjonen seier om at mange distriktskommunar har så stort areal og så spreidd busetnad, at ei samanslåing mellom slike kommunar vil gje liten gevinst.

Den konkrete uttalen frå kommunen om kommunestruktur vil me som tidlegare nemnt koma attende til.

Med helsing

Marit A. Aase

Marit A. Aase

ordførar

Ordføraren i Samnanger